

Notat

Til: Fylkesutvalet, møte 22. november 2017

Frå: Fylkesrådmannen

Fylkeskommunen sin eigarskap i Njøs Næringsutvikling AS

Fylkeskommunen etablerte Njøs Næringsutvikling AS saman med Graminor AS, Gartnerhallen, Lerum AS og frukt- og bærmottaka i fylket i 2007. Føremålet var å sikre vidareføring av det viktige FoU-miljøet på Njøs, etter at Graminor trekte seg ut. Det var naudsynt med ei langsiktig satsing på kompetansebygging for å bidra til vekst og lønsemd i frukt- og bærnæringa i fylket. I utgangs-punktet skulle fylkeskommunen vere aktiv eigar i 5 - 10 år, for å sikre at selskapet fekk eit godt fagleg og økonomisk fundament, sjå FT-sak 54/06. Fylkeskommunen eig 22,2 % av aksjane i selskapet (pålydande 100 000 kr). For meir informasjon om Njøs Næringsutvikling AS syner eg til *Eigarmelding 2017*.

Under handsaming av FT-sak 33/14 *Eigarmelding 2014* vedtok fylkestinget å starte ein prosess med å avvikle eigarskapen i Njøs Næringsutvikling AS. Fylkesutvalet fekk fullmakt til å godkjenne ein eventuell salsavtale. Fylkesrådmannen kontakta dei andre aksjonærane i selskapet, men alle svarte at dei ikkje var interesserte i å kjøpe fylkeskommunen sin aksjepost. Fylkesrådmannen bad difor styret om hjelp til å finne aktuelle kjøparar til aksjeposten, sjå m.a. FT-sak 36/17. Tidlegare styreleiar har meldt attende – seinast i samband med ordinær generalforsamling i 2017 - at styret ville forsøke å hjelpe fylkeskommunen med å finne ny(e) eigar(ar), og at dette kunne bli aktuelt i samband med planlagde prosjekt noko fram i tid.

Brev frå styret i Njøs Næringsutvikling AS

Ved brev dagsett 6. november oppmoda styret i selskapet fylkeskommunen om å revurdere sitt standpunkt om sal av sine aksjar i selskapet, sjå vedlegg. Bakgrunnen er m.a. at selskapet, saman med Graminor AS, vurderer å samle all frukt- og bærforedling på Njøs. Graminor AS skal hand-same saka i styremøte 7. desember. Samlinga vil innebere store investeringar i fast eigedom og i personalressursar, og styret i Njøs Næringsutvikling AS meiner det er viktig at fylkeskommunen framleis står bak selskapet. I brevet skriv leiinga i Njøs Næringsutvikling AS at styret i Graminor AS treng langsiktige signal frå fleire aktørar for å kunne vere mest mogleg trygge på å gjere rett vedtak.

Fylkesrådmannen ber om attendemelding frå fylkesutvalet på om fylkeskommunen skal halde fast ved sitt vedtak i FT-sak 33/14 om sal, eller om FRM på bakgrunn av brevet skal legge fram ei ny sak for FT der det blir vurdert å gjere om vedtaket om sal.

Styret i Graminor AS skal ta stilling til spørsmålet om samling av all frukt- og bærforedling på Njøs i møte 7. desember. Ei ev. sak bør difor handsamast av FU og FT 4. og 5. desember.

Vedlegg:

Brev frå styret i Njøs Næringsutvikling AS